

Velkommen til seminaret "Stordrift med sau".

Av Finn Avdem, fagsjef på småfe i Nortura.

I løpet av det siste året har det kome fleire innspel frå våre medlemmer om behov for meir kunnskap ved drift av store besetningar med sau. Ideen til dette seminaret vart for alvor født ved lunsjbordet til han Steingrim Viken frå Oppdal. Byggrådgivar Tor og eg var på tur, og da hadde vi lyst til å sjå innom sauefjøsset hans Steingrim og lære av erfaringane hans med fullfør til sau. Her vart vi, som vanleg når ein besøker sauebønder, tatt godt imot med omvising, servering og ein god saueprat, spesielt om utfordringane med å drive stort med sau.


Det er ikkje tvil om at rammevilkåra som politikarane har gjeve oss, spesielt det siste året, gjev stimulans til å satse stort med sau. Han Steingrim meinte derfor at dette temaet fortjente eit eige seminar. Ein må tenke på ein heilt anna måte når ein har 300 søyer eller når en har 50. Sauebønder med stordrifterfaring har behov for å utveksle erfaring med andre som er store. Den som har planar om å bli stor eller større, har behov for å veta meir om kva han går til. Det gjev det beste grunnlaget for å ta store avgjerder for framtida.

Difor lufta vi idéen for resten av Team småfe i Nortura, vi spurte Animalia og Norsk Sau og Geit om dei hadde lyst til å samarbeide om tiltaket. Alle var positive, og dermed var vi i gang!

Å ha eit dagseminar midt i veka på Gardermoen, det har vi aldri gjort før. Responsen på dette har imidlertid vore over all forventning. Vi trudde det kanskje ville kome 75, vi håpa på 150, og her i dag er det samla 270 stk som har lyst til å lære meir om stordrift. Vi som er rådgjevarar på sau føler oss heldige som får jobbe i ei næring med så mange som har lyst til satse og utvikle produksjonen sin. Det er jo det som er interessant og ikkje minst framtidsretta!

Det er også eit privilegium, synes vi, å få jobbe for eit samvirke som har som einaste formål å skape eit økonomisk grunnlag for ei utvikling av ei næring bestående av små og store produksjonseiningar av sau. Figuren nedanfor viser at Nortura har auka pris og tilleggsytningar pr kg lam med ca kr 17,50 sidan 2007. Denne prisutviklinga har alle andre slakteri meir eller mindre måtte justere seg etter.

Figur 1: Prisutvikling på lam frå 2007-2014



Det vil si at prisen på lam har gått opp i underkant av kr 2,50 i snitt pr år i desse åra. Denne utviklinga har kome fordi det har vore underskot på lam, og at det derfor har vore behov for å auke prisen for å stimulere produksjonen. Men det er ikkje berre å vedta ein prisauke, - ein må også lage eit økonomisk grunnlag for den.

Grunnlaget for utbetalingsprisen blir lagt gjennom effektiv drift og Nortura sine prisforhandlingar med kjedene. I prisforhandlingar er det berre ein ting som gjeld: marknadsmakt, eller råvaremak, som Sveinung Svebestad sa på LAM 2014. Nortura har 67% av tilførslane av sau og lam. Vi er derfor såpass "tunge" at vi kan si til kjedene: Dersom de vil ha (norsk) lammekjøtt i butikkane dykkar, må de betale ein passende pris. Dette er noko som kjem alle saueprodusentar i Norge til gode uansett kva slakteri ein leverer til.

Ca 450 eller 5% av saueprodusentane i Nortura, leverer ca 6 tonn eller meir med slakt og ull til oss. Dette utgjør vel 20 % av tilførslane våre av sau/lam. Det seier seg sjølv at dersom Nortura skal vera den marknadsaktøren alle sauebønder er avhengig av, så er det svært viktig at vi også har med oss dei store saueprodusentane. På same måten er Nortura ekstra viktig for den store, dyktige sauebonden. Eg rekna på kor stor andel av inntektene som kjem frå marknaden ved ulik buskapsstorleik. Jo større buskap og jo høgare avdrått ein har, jo større andel av inntektene kjem frå sal av kjøtt og ull. Når drifta og prisforhandlingane til Nortura gjev grunnlag for å auke prisen på lam med kr 2,50 og prisen på sau med kr 0,50, så har ein sauebonde med 300 vfs fått kr 20-30 000 meir å betale rekningar med.

Tabell 1: Verknad på andel marknadsinntekter av totalinntekta og effekt av prisauke, ved ulik buskapsstorleik og produksjon

1,7 lam om hausten pr søye, 18,7 kg slaktevekt pr lam, arealtilskotsone 5, distriktstilskotssone 2

Tal vinterfôra sau	50	100	300	500
Marknadsinntekter pr sau	kr 1 601	kr 1 618	kr 1 636	kr 1 636
Statstilskot pr sau	kr 2 693	kr 2 743	kr 2 470	kr 2 377
% marknadsinntekter	37 %	37 %	40 %	41 %

Inntektsauke for buskapen ved prisauke på kr 2,5 pr kg lam og kr 0,5 pr kg sau	kr 3 584	kr 7 169	kr 21 506	kr 30 421
--	----------	----------	-----------	-----------

2 lam om hausten pr søye og 20 kg slaktevekt pr lam, arealtilskotsone 5, distriktstilskotssone 2

Tal vinterfôra sau	50	100	300	500
Marknadsinntekter pr sau	kr 2 014	kr 2 035	kr 2 057	kr 2 057
Statstilskot pr sau	kr 2 962	kr 3 012	kr 2 739	kr 2 646
% marknadsinntekter	40 %	40 %	43 %	44 %


Inntektsauke for buskapen ved prisauke på kr 2,5 pr kg lam og kr 0,5 pr kg sau	kr 4 570	kr 9 140	kr 27 420	kr 45 700
--	----------	----------	-----------	-----------

Figuren nedanfor syner korleis saue-Noreg endrar seg. Mange med små og medels store besetningar vel å slutte med sau. Dette må erstattast av nokon som ønskjer å bygge, utvikle, lykkast og trivast med ny produksjon dersom vi skal produsere nok lammekjøtt i Noreg. Det er det denne dagen handlar om. Til å hjelpe oss med det, har vi fått med eigne fagfolk, men vi har også alliert oss med ein veterinær og produsentar med stordrift-erfaring.

Vi håpar dette blir ein dag med der alle reiser heim med ny kunnskap og inspirasjon til å lykkast som sauebonde.


Godt seminar!

Vinterfora sauer,
etter buskapsstorleik og tid.
Jordbruksbedrifter.



Kilde: Statistisk sentralbyrå

Vinterfora sauer,
etter buskapsstorleik og tid.
Vinterfora sauer.



Kilde: Statistisk sentralbyrå